

# **DELPLAN HELSE OG SOSIAL BEREDSKAP FOR FEDJE KOMMUNE**

TILLEGG TIL ROS ANALYSE FOR FEDJE KOMMUNE

VEDLEGG: PROSEDYRER  
MANNSKAPSLISTER  
UTSTYRSLISTER

Revisjon av plan frå 2007  
Vedteken i Fedje kommunestyre / 2015

**Innleiing:**

Kommunane skal gjennom risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) skaffa oversyn over situasjonar som kan føra til ekstraordinære hendingar for kommunen.

Kommunane skal sørgra for og utarbeida krise og beredskapsplanar og nødvendige førebyggjande tiltak

**Lovheimel:** Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23.juni 2000 nr 56  
Helse og omsorgstenestelova kap 6 § 28  
Folkehelselova

**Formål:**

Formålet med lova og planen er og verna om innbyggjarane sitt liv og si helse, og syta for at innbyggjarane får nødvendig helsehjelp og sosiale tenester ved krig, ved kriser, ulykker og katastrofar

**Bakgrunn:** Planen skal omfatta:

- interne og eksterne hendingar som kan redusera kommune si evne til å yta tenester
- eksterne hendingar som kan føra til ekstraordinær belastning på tenesteproduksjonen, eller krevja omstilling av drifta for å auka kapasiteten på særlege område.

Kommunen må ved krise eller katastrofe samhandla med aktuelle samarbeidspartar og gje nødvendig informasjon til tilsette og innbyggjarar.

For øvrig byggjer planen på, og er samordna med ROS analysen, slik at desse heng saman utan for mange gjentakande opplysningar, og må sjåast i lys av kvarandre.

**Overordna mål:**

Helse, pleie og omsorgstenesta og sosialtenesta skal sørgra for at eit tilfredstillande tenestetilbod til personar som er avhengig av slike tenester

## **2. Konsekvensklassifisering:**

<b>Omgrep</b>	<b>Forklaring</b>
Ufarleg	Ingen direkte skader, berre mindre avbrot. Ikkje behov for reservesystem. Ingen personskadar eller miljøskadar.
Ein viss fare	1 døgns svikt. Kan føra til skadar, dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ. Få og små personskadar, mindre skadar på materiell og miljø.
Farleg	Lengre tids svikt. Andre tilslutta system er mellombels ute av drift. Opp til 2 alvorleg skada personar og/eller opp til 2 personar må evakuerast. Store skadar på materiell og miljø.
Katastrofe	Hovud- og avhengige system har brote heilt saman. Døde personar Meir enn 2 alvorleg skada personar. Meir enn 2 personar må evakuerast. Svært alvorlege og langvarige miljøskadar.

## Risikomatrise.

Risikomatrisa er sett saman av kor sannsynleg ei hending er, og konsekvensane av ulike hendingar.

## HELSETENESTA

	<b>Ufarleg</b>	<b>Ei viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Katastrofe</b>
Meir enn ein gong pr år		Lege ikkje tilgjengeleg		
<b>Sannsynleg</b>				
2-3 gonger i løpet av 5 år		Samanbrot av elektronisk pasientjournal		
<b>Mindre sannsynleg</b>				
Mellan 1 gong i året og 1 gong kvart 10. år.		Utbrot av epidemiar/ smittsame sjukdomar		
		Ikkje-planlagt langvarig legefråvær		
		Mangel på naudsynte medisinlar eller materiell		
		Pasientskade		
		Voldssituasjon Drapsforsök		
		Trussel / vold mot helsepersonell		
		Usikra skadestad v/ brann, eksplosjon, gassutslepp, ulykke		
		Havari med båt		
<b>Lite sannsynleg</b>				

Mindre enn 1 gong pr 50. år.	stort tal pasientar med akuttmedisinske behov grunna ulukke krise
	Storbrann
	Eksplosjonsulykke
	Utslepp giftig gass
	Panikksituasjon i forsamlingshus

**Ufarleg      Ei viss fare      Farleg      Katastrofe**

## HELSETENESTA

I Fedje kommune er det tilsett kommuneoverlege som har det overordna medisinsk faglege ansvar i kommunen. Kommuneoverlegen er også ansvarleg for smittevern og miljøretta helsevern.

Kommuneoverlegen har døgnkontinuerlig vaktberedskap, med unnatak ved ferie, sjukdom eller andre avtalte fravær. Legevakttenesta, vert ved fravær ivaretake av Nordhordland legevakt, etter inngått samarbeidsavtale. Om sommaren vert det sett inn vikar i fire veker.

Fedje kommune har hatt svært stabil legedekning over mange år, og har såleis lang erfaring i dei lokale utfordringar og tenesteutøving.

Aktuelle hendingar	Utfordring	Handlingsmål - Tiltak
<b>Legetenesta</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>ikkje-planlagt langvarig legefagravær</li> <li>Samanbrot av elektronisk pasientjournal</li> </ul>	<p>Gje tilbod til innbyggjarane om akuttmedisinske tenester Gje forsvarlege vurderingar i akuttfasen om smittevern og miljøretta helsevern</p> <p>Manglar oversyn over sjukdomar og medisinbruk</p>	<p>Nordhordland Legevaktcentral (NLV) overtek ansvar inntil vikarlege er på plass. Ta direkte kontakt med tilgjengeleg kommuneoverlege i ei av nabokommunane vedkommande krisar innan smittevern og miljørette helsevern Utvikla ordning og avtaler ved langvarig fravær</p> <p>Kontinuitet i tenestene Mogleg i krise å få kontakt med lege (som har fravær). Alternativt nytta kjernejournal og kontakt med apotek</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Straumbrot</li> </ul>	Svikt i journalsystem. Vansklig å diagnostisera og behandle i mørke Er det langvarig, sviktar og telekommunikasjon	Naudaggregat vert installert for sjukeheim og legekontor Kjøpa inn fleire hovudlyktar Krevja at Telenor har lengre batterikapasitet for mobilnettet
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meir enn 2 pasientar med akuttmedisinske behov grunna ulukke/krise eller 1-2 pasientar med akutt alvorleg sjukdom/skade av omfattande natur</li> </ul>	Få oversyn, sikra varsling, fordele oppgåver, starta primaærtiltak	Prioritera jfr. prosedyre Nytta anna fagpersonell i kommunen. Be om hjelp frå AMK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utbrot av smittsame sjukdommar</li> </ul>	Sikra liv og helse	Følgja instruksar i vedteken smittevernplan
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mangel på naudsynte medisinar og materiell</li> </ul>	Sikra tilgang på akuttmedisin og sikra kontinuitet i pågående behandling	Kommuneoverlege og sjukeheimen må heile tida ajourføra sin lager Ved større hendingar er det naudsynt med samarbeid med AMK og apoteka
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pasientskade påført av helsetenesta</li> </ul>	Sikra at avviksmelding vert gjennomført Sikra tillit til tenestene og at dei fungerer	Betra systemet for avviksmelding og avvikshandtering.
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trussel og/ eller vold mot helsepersonell</li> </ul>	Hindre at helsepersonell vert skadd Skape tryggleik i arbeidssituasjonen	Vise nulltoleranse ved trussel Avvente framkomst av politi ved truande,usikre situasjonar Vurdere utrykking saman med anna personell
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Usikra skadested ved brann, eksplosjon, gassutslepp, ulykke, vold, drapsforsøk</li> </ul>	Usikra skadested kan senka livreddande behandling. Personell må prioritera eigen sikkerheit	Om naudsynt må ein avvente at politi har sikre skadestaden. Krevje ØH- utrykking av politi når det synest naudsynt

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Havari med båt</li> <li>• Storbrann med fleire røykskadde</li> <li>• Eksplosjonsulykke</li> <li>• Utslepp giftig gass</li> <li>• Panikksituasjon i forsamlingshus og press mot utgangsdør</li> <li>• ved kombinasjon av fleire av overståande hendingar</li> </ul>	<p>Sein varsling frå hovudredningssentralen. Manglane ressursar viss mange har vore i sjøen og er utsatt for forfrysning</p> <p>Med fleire enn tre røykskadde, har vi ikkje oksygen på Fedje</p> <p>Personell må avvente at politi har sikra skadestaden, og det kan seinke livreddande behandling.</p> <p>Personell skal ikkje gå inn på skadestaden viss mistanke om gassforgifting Ein kan ikkje nyta naudsyst oksygen på skadestaden viss det er gnistar eller brann</p> <p>Det er kaos og vanskeleg å nå fram med hjelp Barn er svært utsatte ved klemeskade og kvelning som kan medføra hjartestogg</p> <p>Ivareta liv og helse</p>	<p>Ta kontakt med hovudredningssentralen 51 64 60 00 Straks starte arbeidet med å samle inn tepper og dyner</p> <p>Hurtigast mogeleg få tilgang på meir oksygen / fleire oksygenflaskar Sikra at sløkkingspersonell unngår inhalasjon av røyk Vurdera evakuering av røykutsette bustadområde Informasjon gjennom ulike media om å halda seg innandørs viss ein ikkje bli evakuert</p> <p>Vera viss på at politiet har sikre området før ein går inn i eksplosjonsområdet</p> <p>Skadestaden må av politiet vera erklært gassfri Er det fleire en 3 skadde, må oksygen hentast inn snarast utanfrå Viss det brenn, må skadde fjernast frå skadestaden</p> <p>Får oversyn snarast. Meir enn 3 skadde, må oksygen hentast inn utanfrå Få på plass hjartestartar for barn</p> <p>Jfr delegasjon i katastrofeplan</p>
---	---	--

**RISIKOMATRISE**  
**PLEIE- OG OMSORGSTENESTA**

<b>Ufarleg</b>	<b>Ei viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Katastrofe</b>
Meir enn ein gong pr år	-Straumbrot inntil 5 timer. -Telefonsystemet ute av drift -		
<b>Sannsynleg</b>			
2-3 gonger i løpet av 5 år	- Redusert tilgang på fagpersonell - Feilbehandling - Overbelegg av pasientar - Straumbrot		
<b>Mindre sannsynleg</b>			
Mellan 1 gong i året og 1 gong kvart 10. år	- Brot på vassforsyning - Utbrot av epidemiar / smittsame sjukdommar  Sakna pasient i pleie og omsorg ein kald vinterdag		
<b>Lite sannsynleg</b>			
Mindre enn 1 gong pr 50 år	svikt i tilgang på mat/medisin  Inntryngar /innbrot på sjukeheimen  Evakuering av delar eller heile sjukeheimen grunna brann		

**Ufarleg      Ei viss fare      Farleg      Katastrofe**

Pleie- og omsorgstenesta er lokalisert i Fedje sjukeheim, leia av pleie- og omsorgsleiar. Tenesta er ei integrert heimesjukepleie- og sjukeheimsteneste. Sjukeheimen har 14 plassar for heildøgns pleie- og omsorg fordelt på 10 enkeltrom og 2 dobbeltrom. (arbeid med å omgjere 2 tidlegare dobbeltrom til enkeltrom startar i 1. kvartal 2015 og dei siste 2 dobbeltromma vil verte nytte som enkeltrom så langt det er mogeleg) Det er i tillegg 2 hybelhusvære knytt til sjukeheimen gjennom fellesareal. Desse er i bruk av PU – og psykiatritenesta. Det er også to frittliggjande omsorgsbustader lokalisiert ved sjukeheimen. Desse tingar tenester frå pleie- og omsorgs på linje med andre innbyggjarar, men er knytt til sjukeheimen sitt ringesignalanlegg.

Pleie- og omsorgsleiar har også ansvar for heimehjelstenesta, hjelphemiddel, matombringing, dagtilbod til heimebuande demente og tryggleiksalarm.

Tal eldre er forholdsvis stabilt. Fedje kommune har nådd sin eldrebølgjetopp, og vil venteleg ha eit tal som i dag, mulig delvis fallande dei komande åra, og samsvarar såleis ikkje heilt med den nasjonale trenden. Kommunen må også ta høgde for at det kan verta tilflytting av eldre som har tilknyting hit og/eller har hus/fritidsbustad her. Trongen for pleie- og omsorgstenester er forholdsvis stabil. Det er store krav til fagleg forsvarleg teneste, som tidvis gjev kommunen store utfordringar på å rekruttera og behalda kvalifisert personell. Den

utfordringa er det ingen fasitsvar på, men det må leggjast avgjerande vekt på tiltak som kan sikra tilgang på fagpersonell. Verkemiddel i så måte kan vera stipend og lønn. Etter at Samhandlingsreforma vart gjennomført er krava til kommunen sine tenester ytterlegare forsterka. Nokre av desse utfordringane vert løyste gjennom interkommunalt samarbeid.

#### PLEIE OG OMSORGSTENESTA

<b>aktuelle hendingar</b>	<b>utfordring</b>	<b>handlingsmål/tiltak</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på vassforsyning</li> <li>• Brot på straumtilførsel</li> <li>• Brot på telefon/data samband</li> </ul>	<p>Utføra daglege rutinar for å ivareta pasientar</p> <p>Utføra daglege rutinar for å ivareta pasientar</p> <p>Stetta kommunikasjonsbehov</p>	<p>Organisera levering av vatn jfr. prosedyre</p> <p>Aggregat som er plassert ved sjukeheimen koplar seg automatisk inn. Opplæring gitt i februar 2015</p> <p>Nytta mobiltelefon så langt det er mogeleg</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Svikt i tilgang på mat og/ eller medisinar</li> <li>• Utbrot av epidemiar /smittsame sjukdommar</li> <li>• Redusert tilgang på fagpersonell</li> <li>• Feilbehandling av ulik natur</li> <li>• Overbelegg av pasientar</li> </ul>	<p>Gje tilfredsstillande omsorgstilbod til pasientar</p> <p>Ivareta liv og helse</p> <p>Tenestetilbod til pasientar vert redusert</p> <p>Om mogeleg rette feilen Hindre at feil vert gjentekne</p> <p>Gje kvalitetsmessig tilfredsstillande tenestetilbod</p>	<p>Samarbeidsavtale med leverandørar</p> <p>Gjennomføra tiltak i tråd med smittevernplan for sjukeheimen</p> <p>Kontinuerleg aktiv rekruttering, opplæring ,og oppfølgingsarbeid</p> <p>Rapportera til nærmeste overordna, handsama avvik</p> <p>Auka personalinnsats</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbrot av brann</li> <li>• Inntrengar / innbrot</li> </ul>	<p>Ivareta liv og helse</p> <p>Sikra tilsette og personell</p>	<p>Brannøving 2 gonger årleg for alt personale / evakueringsoving for sjukeheimen</p> <p>Ikkje prøva overmanning Trekkja seg tilbake, Straks etablera kontakt med politi 112</p>

<ul style="list-style-type: none"><li>• Sakna pasient i pleie og omsorg</li></ul>	Få pasienten til rette snarast råd	Bruk kort tid på lokalt søk. Etabler kontakt med politi, be om rådgjeving og hjelp
---	------------------------------------	---

Risikomatrise  
**SOSIALTENESTA**

	<b>Ufarleg</b>	<b>Ei viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Katastrofe</b>
Meir enn ein gong pr år				
<b>Sannsynleg</b>				
2-3 gonger i løpet av 5 år	utanlands arbeidskraft	ikkje-planlagt lengre fråvær		
<b>Mindre sannsynleg</b>				
Mellan 1 gong i året og 1 gong kvart 10. år.		manglende kommunale bustader  utvikling i rusmisbruk  ekstraordinær barnevernssituasjon		
<b>Lite sannsynleg</b>				
Mindre enn 1 gong pr 50. år.		hamstring av varer ved streik eller andre situasjoner		
	<b>Ufarleg</b>	<b>Ei viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Katastrofe</b>

Delar av tidlegare sosialtenesta er overført til NAV, (lov om Arbeids- og velferdstenester) og vert utført frå NAV. Dette gjeld økonomisk sosialhjelp og nokre andre definerte områder, som det ligg føre detaljert oversikt over. Ved overføring til NAV er tenesta mindre sårbar enn tidlegare, då det ved NAV kontoret vanlegvis er 2 personar, mot tidlegare 1 person ved den kommunale sosialtenesta. Barnevernstenesta er integrert i ass rådmann sitt ansvarsområde, men all dagleg tenesteutøving vert utført gjennom samarbeidsavtale med Austrheim kommune.

Det er opparbeida nettverk til dei andre kommunane i Nordhordland, både gjennom felles dataløysingar, fagsamlingar og personlege relasjonar som er nyttig både for daglege utfordringar og for utviklingsarbeid.

NAV har dataløysingar for økonomiske utbetalingar, gjennom fagsystemet Acos sosial, som er også vert nytta i dei andre Nordhordlandskommunane.

Det er det rutinar for å utføra manuelle transaksjonar om det er brot på datasamband/straumstans. Ei tidlegare undersøking syner at lokal daglegvarebutikk har matvarer for om lag 2 vekers forbruk for innbyggjarane – med unnatak av ferskvarer.

## SOSIALTENESTA- NAV

Aktuelle hendingar	Utfordring	Handlingsmål - Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> <li>Langvarig ikkje-planlagt fråvær</li> </ul>	utføra lovpålagte tenester	Gje andre på kommunehuset opplæring NAV samarbeid samvirke i regionen i eins dataløysing
<ul style="list-style-type: none"> <li>Manglande kommunale bustader</li> </ul>	Ha bustader tilgjengelege for særskild behov	Sikra tilgang på husvære kommunalt eller ved privat leige
<ul style="list-style-type: none"> <li>Innleid arbeidskraft frå andre land</li> </ul>	Integrera, sikra sosial livskvalitet	Kontakt med arbeidsgjevar Avklara situasjon og oppgåver. Etablera samarbeid
<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikling i rusmisbruk</li> </ul>	Kartlegging - Informasjon om behandlingstilbod	Følgja retningslinjer for oppfølging ev.innlegging i statleg tiltak
<ul style="list-style-type: none"> <li>Ekstra ordinær barnevernssituasjon</li> </ul>	Ivareta omsorg for barn	Inngått samarbeidsavtale med Austrheim kommune. Samarbeid med 2.linjetenesta
<ul style="list-style-type: none"> <li>brot på IT samband- innbyggjarar utan pengar</li> </ul>	Dagleg livsopphald for innbyggjarane	Kartlegga i dialog med butikk og bank
<ul style="list-style-type: none"> <li>hamstring av daglegvarer ved streik el. andre situasjonar</li> </ul>	Tilgjengelege varer må prioriterast	samarbeid med butikken

Risikomatrise  
**ANDRE TENESTEOMRÅDE**

	<b>Ufarleg</b>	<b>Ei viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Katastrofe</b>
Meir enn ein gong pr år				
<b>Sannsynleg</b>				
Alltid		Ingen ambulanse på Fedje		
<b>Mindre sannsynleg</b>				
Mellan 1 gong i året og 1 gong kvart 10. år.	nødvendige hjelpemiddlar utilgjengeleg	utbrot av epidemi  legemidlar utilgjengeleg		
	tannhelsetilbod ikkje tilgjengeleg		psykisk sjuk person i ubalanse/farleg	
	fysioterapitilbod ikkje tilgjengeleg			
<b>Lite sannsynleg</b>				
Mindre enn 1 gong pr 50. år.		vaksinar ikkje tilgjengelege		

**Ufarleg      Ei viss fare      Farleg      Katastrofe**

Tilgang på medisin og medisinske artiklar er avhengig av leveranse frå apotek. Det er ikkje apotek i kommunen, men det er fleire apotek i nærområdet (Mastrevik, Knarvik) Andre mogelege samarbeidspartnerar er legetenestene i kommunane i Nordhordland og Nordhordland Legevakt.

Kommunen har, i tråd med fastsette retningsliner, lokalt hjelpemiddellager til bruk for dei som treng dette. Der vil det til ei kvar tid vera eit utval vanlege hjelpemiddel, utan at det kan leggjast garanti for at alt er tilgjengeleg alltid. Her vil ein også kunna nytta kontaktnettet i Nordhordland og Hjelpemiddelsentralen i Hordaland.

Ambulansetenesta vert utført med bil frå Austrheim. Det er i tillegg helikopterlandingsplass i kommunen, som gjev utvida muligkeit for Luftambulansen til å landa på Fedje. Utan ambulanse på Fedje har vi likevel ei sårbar transportordning for sjuke og skadde

Helsestasjonstenesta er i vareteken av fagutdanna helsesøster og utfører lovpålagde tenester til innbyggjarane. Det er lite truleg at det kan oppstå spesiell risikosituasjonar i denne tenesta.

Psykiatritenesta er lokalisert i lokalet i 2 høgda i Hjartebanken. Det er lagt stor vekt på førebyggjande arbeid, og lågterskeltilbod både for born, unge og vaksne. I den grad det oppstår truande situasjonar, kan det representera fare av ukjent omfang.

Fedje kommune har også fysioterapiteneste, men denne vert sett på som marginal i høve helse- og sosial beredskapstenking. Tannhelsetenesta er eit fylkeskommunalt ansvar.

Aktuelle hendingar	Ufordring	Handlingsmål/tiltak
<b>Legemidlar</b> Utbrot av epidemi	Ha tilstrekkeleg og rette medisinske artiklar tilgjengeleg. Sikra fornying av varelager	Legen koordinerer – samhandling med apotek Samhandling fylkeslegen, Folkehelseinstituttet
Lege/legemidlar utilgjengeleg	Akutt medisinsk tilstand	Nytta Nordhordland Legevakt
<b>Hjelpe midlar</b>	Ha tilstrekkeleg og rette hjelpe midlar tilgjengeleg	Ajourført oversiktliste over tilgjengeleg materiell. Hjelpe middelkoordinator ansvarleg- samarbeidspartner Hjelpe middelsentralen, + teknisk etat
<b>Ambulansetenesta</b> Ingen lokal ordning	Tidsperspektiv ved utrykning fra Austrheim eller luftambulanse gjer at moderat alvorleg hending kan bli svært alvorleg	Legen ansvarleg for å prioritera og rekvirera anna tilgjengelig transportløysing (ambulanse, helikopter, varebilar) Helse Bergen er ansvarleg for ambulansetenesta.
<ul style="list-style-type: none"> <li>Fleire hendingar parallelt</li> <li>Ytterlegare reduksjon i ambulansetilbodet i Nordhordlandsregionen</li> </ul>	<p>Sikra pasient rask transport</p> <p>Større sansynlighet for parallelle hendingar</p>	<p>Auka tilgang på bilar og Luftambulanseteneste. Ein vil måtta improvisera</p>
<b>Helsestasjonstenesta</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• gjeldande vaksiner ikkje tilgjengeleg</li> <li>• langvarig sjukdom</li> <li>• pandemi /endemi</li> </ul>	<p>opprethalda vaksinasjonsprogram</p> <p>opprethalda drifta to dagar i veka</p> <p>behov for auka kapasitet</p>	<p>Helsesøster ansvarleg for å prioritera og rekvirera alternativ mogeleg vaksine Kjøpe vikarteneste utanfrå</p> <p>Utvida arbeidstida for helsesyster</p>

<b>Psykiatritenesta</b> Psykisk sjuk person i ubalanse, er/blir farleg	Ivareta person, personell og innbyggjarar Utan politi og trygt ambulansepersonell som kan sikra skadestad, kan hendinga bli alvorlig	Lege ansvarleg for tiltak ev. saman med anna helsepersonell og politi Sikra tidlig utrykking av politi om skadestad skal sikrast Aktivera etablert krisegruppe
<b>Tannhelsetenesta</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det fylkeskommunale tenestetilbodet opphøyrer -for kortare eller lengre tid</li> </ul>	Oppretthalda tilbod til innbyggjarane	Fylkeskommunen utfører dei tenester dei er ansvarlege for

## Øvingar – frekvens og omfang

Kwart 4 år ( året etter kvart kommuneval) skal Plan for helse og sosial beredskap gjennomgåast og om nødvendig justerast og oppdaterast. Planen kan også endrast om det er vesentlege andre endringar i organisasjonen eller andre tilhøve som påverkar innhaldet i planen.

Det bør gjennomførast ein større beredskapsøving quart 5. år. Øvinga skal omfatta personell i helsetenesta og brannvernet og andre som vil ha ein naturleg plass, avhengig av øvinga sitt innhald og omfang, for eksempel Helse Bergen, Nordhordland Legevakt, Fedje sikkerheitssenter, Kystverket o.a..

### INFORMASJON:

Ved ein ekstraordinær situasjon vil det alltid oppstå eit stort informasjonsbehov. Avhengig av kva type hending som har skjedd, vil det vera ulike som er ansvarleg for det faglege innhaldet i informasjon, men i utgangspunktet har ordførar informasjonsoppgåva med bidrag frå:

- lensmann/politi
- ordførar
- rådmann
- lege
- ansvarleg leiar for eit tenesteområde
- prest
- ev.andre

## **OPERATIV DEL**

Vedlegg: varslingsplan ved kriser og katastrofar

Mannskapsliste

utstyrsliste

Prosedyrar:

### **PROSEDYRE VED SVIKT I VASSFORSYNINGA TIL SJUKEHEIMEN.**

- 1) Den som oppdagar svikt i vassforsyninga melder frå til teknisk etat
- 2) Teknisk etat gjer naudsynte undersøkingar og set i verk dei tiltak som situasjonen krev.
- 3) Avhengig av situasjonen vurderer teknisk etat om vassforsyninga til sjukeheimen kan leggjast om/

## **PROSEODYRE FOR EVAKUERING AV BEBUARAR VED FEDJE SJUKEHEIM**

### **KORLEIS SIKRE EIT TILBOD TIL BEBUARAR VED EIN EKSTRAORDNINÆR SITUASJON**

Kven skal gjera kva i rekkjefølgje